



Arkivnr: 2014/166-20

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		21.01.2015
Fylkesutvalet		29.01.2015

Nordhordlandspakken AS - søknad om driftsmidler for 2015

Samandrag

Selskapet Nordhordlandspakken AS har i brev frå 16.10.2014 (vedlegg 1) søkt om driftsstøtte for 2015. Føremålet for selskapet er å arbeida for utbygging og standardheving på utvalde vegar og strategisk viktige tilførselsvegar i Nordhordland og Bergen nord gjennom bompengepakken Nordhordlandspakken.

I saka om tideling av driftsmidler for 2014 påpeika fylkesrådmannen at skulle det bli behov for ytterlegare driftsstøtte til utarbeidinga av søknaden, vil han evaluera arbeidet med søknaden. Fylkesrådmannen skreiv at han forventa at bompengesøknaden snart vart ferdigstilt. No er søknaden ferdighandsama i fylkestinget.

Med godkjenning av pakken i Stortinget våren 2015, vil dette vera det siste året selskapet søker om driftsmidler. Ved positivt stortingsvedtak, vil Nordhordlandspakken AS anten bli omdanna til eit bompengeselskap som kan gjera låneopptak, bli nedlagt eller bli fusjonert inn i eit anna selskap. Fylkesrådmannen viser her til at regjeringa held på med ei bompengereform, der ein legg opp til å omorganisera bompengesektoren frå mange selskap til eit fåtal selskap.

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet løyver kr. 200 000 til Nordhordlandspakken AS til drift av selskapet i 2015, finansiert over samferdselsavdelinga sitt budsjett.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr. 200 000 til Nordhordlandspakken AS til drift av selskapet for 2015, finansiert over samferdselsavdelinga sitt budsjett.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

- 1 Søknad om driftsmidler til Nordhordlandspakken AS

Fylkesrådmannen, 22.12.2014**Bakgrunn**

Selskapet Nordhordlandspakken AS har i brev frå 16.10.2014 (vedlegg 1) søkt om driftsstøtte for 2015. Føremålet for selskapet er å arbeida for utbygging og standardheving på utvalde vegar og strategisk viktige tilførselsvegar i Nordhordland og Bergen nord gjennom bompengepakken Nordhordlandspakken.

Om søknaden

Nordhordlandspakken AS søker eigarane om kr. 500 000 i driftsstøtte for 2015. Søknadssummen er fordelt slik:

- Hordaland fylkeskommune kr. 200 000 (40 % eigardel)
- Nordhordland Utviklingselskap IKS kr. 200 000 (40 % eigardel)
- Bergen kommune kr. 100 000 (20% eigardel)

Budsjettet skal finansiera kjøp av konsulenttenester, styrehonorar/dagleg leing og rekneskapstenester/revisjon.

Om Nordhordlandspakken

Nordhordlandspakken er i første fase avgrensa til vegprosjekt i Nordhordland, men det er lagt opp til at Nyborgtunellen i Bergen kommune vert innlemma i pakken så snart det føreligg godkjent reguleringsplan. I påvente av planavklaring av Nyborgtunellen vil Nordhordlandspakken bidra til realisering av fleire viktige vegprosjekt i denne regionen som vil gje betre framkomst, betre trafikktryggleik, betre lokalmiljø og styrking av kollektivtransporten.

Bompengesøknaden vart handsama i kommunane i Nordhordland hausten 2014 og i fylkestinget 9.desember 2014, sak 90/2014¹. Utfallet av handsaming av bompengesøknaden har synt ønske om enkelte endringar i prosjektlista og i bompengesystemet, noko som gjorde at søknaden gjekk attende til kommunane for ny lokalpolitisk handsaming. Etter lokalpolitisk godkjenning, vert bompengesøknaden sendt til Vegdirektoratet for vidare handsaming. Nordhordlandspakken AS tek sikte på at bompengesøknaden vert godkjent i Stortinget våren 2015. Det er lagt til grunn at innkrevjinga kan starta opp i 2018.

Tidlegare vedtak om driftsstøtte

Med føreslege løyving i 2015 på kr. 200 000, vil samla løyving frå HFK til selskapet vera på kr. 1 250 000 sidan 2010.

Fylkesrådmannen sine merknader

I saka om tideling av driftsmidlar for 2014 påpeika fylkesrådmannen at skulle det bli behov for ytterlegare driftsstøtte til utarbeidinga av søknaden, vil han evaluera arbeidet med søknaden. Fylkesrådmannen skreiv at han forventa at bompengesøknaden snart vart ferdigstilt. No er søknaden ferdighandsama i fylkestinget.

Med godkjenning av pakken i Stortinget våren 2015, vil dette vera det siste året selskapet søker om driftsmidlar. Ved positivt stortingsvedtak, vil Nordhordlandspakken AS anten bli omdanna til eit bompengeselskap som kan gjera låneopptak, bli nedlagt eller bli fusjonert inn i eit anna selskap. Fylkesrådmannen viser her til at regjeringa held på med ei bompengereform, der ein legg opp til å omorganisera bompengesektoren frå mange selskap til eit fåtal selskap.

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet løyver kr. 200 000 til Nordhordlandspakken AS til drift av selskapet i 2015, finansiert over samferdselsavdelinga sitt budsjett.

¹ Sjå: <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling/Details/2773>